



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/904 - 14/7400

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
27.06.2014

## Dispensasjonssak Gbnr 69/8,19,23 Vågstaule - bustad - søknad om takvindauge, terrasse og grillhytte - dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone - oversending for klagevurdering

Hovedutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 18.juni 2014 fatta følgjande vedtak:

### **PLT - vedtak:**

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av fire nye loftsvindauge i eksisterande bustad. Loftet kan ikkje takast i bruk til rom for varig opphald utan at det er søkt bruksendring.

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone for oppføring av terrasse og grillhytte på følgjande vilkår:

- 1.Grillhytte og terrasse skal plasserast nord for eksisterande bustad og nært knytt til bustaden.
- 2.Terrassen kan vere inn til 65 kvm og skal tilpassast terrenget og eksisterande bustad.
- 3.Grillhytten kan vere inn til 9 kvm og inn til 3 meter høg, og skal tilpassast terrenget og eksisterande bustad.
- 4.Utforming og høgdeplassing av terrasse og grillhytte vert å godkjenne i byggesaka. Terrasse og grillhytte har fått ein estetisk utforming som bryt både med eksisterande bustad og landskapet. Byggesaken skal ivareta at høgdeverknaden mot sjø vert dempa og at dei visuelle kvalitetane i tiltaket i seg sjølv, og i høve bygde og naturgjeven omgjevnader vert betra.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 1-8, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert no sendt dykk for klagevurdering og me ber om at svar vert gjeve innan 25.juli 2014. Vedlagt finn de alle dokument i saka.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjonssak Gbnr 69/8,19,23 Vågstaule - Bustad - Søknad om takvindauge, terrasse og grillhytte - dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone  
Følggebrev søknad om tiltak og dispensasjon gnr 69 bnr 8,19, 23 Radøy kommune

**Kopi til:**

Kvalitetskontroll AS

Torsvikhøgda 2

5337

RONG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Jørn Lauritsen

Postboks 7310

5020

BERGEN

Nøtlevågen 125

5938

SÆBØVÅGEN